

Utval: Fylkestinget
Møtestad: Hotel Grand Terminus, Bergen
Dato: 11.03.2014
Tidspunkt: 11.00-15.45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sveinung Valle	Medlem	A
Astrid F. Selsvold	Medlem	A
Nils-Olav Nøss	Medlem	A
Marte Malones	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Torill Veбенstad	Medlem	A
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Silje Hjemdal	Medlem	Frp
Inger Signe Ulvund	Medlem	Frp
Gustav Bahun	Medlem til kl. 14.40	Frp
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Gunnar Bakke	Medlem	Frp
Tom-Christer Nilsen	Fylkesordfører	H
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Birthe Eriksen	Medlem	H
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Dan Stian Femoen	Medlem	H
Svein Halleraker	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H
Ingrid Reitan	Medlem	H
Børge Lunde	Medlem	H
Neshe Lie	Medlem	H
John Opdal	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Torill Selsvold Nyborg	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Medlem	KrF
Aslaug Hellesøy	Medlem	KrF
Kristian Helland	Medlem	KrF
Elisabeth Næverlid Sævik	Medlem	KrF
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG
Benthe Bondhus	Medlem	Sp
Jostein Ljones	Medlem	Sp

Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
Mona Haugland Hellesnes	Fylkesvaraordfører	V
Alf Helge Greaker	Medlem	V
Bjørnar Hamre	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	A
Inger Johanne Seim	Medlem	A
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Tom Skauge	Medlem	SV

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sandra Valskog	Marianne Sandahl Bjørøy	A
Roger Valhammer	Inger Johanne Seim	A
Kari Torkildsen Utkilen	Stein Inge Ryssdal	H
Øyvind Strømmen	Tom Sverre Tomren	MDG
Torunn Hovland Ljone	Tom Skauge	SV

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Johnny Stiansen	Fylkesdirektør økonomi
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Arne Åsan	Fylkestannlege
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon
Bjarte Brask Eriksen	Kommunikasjonsrådgjevar
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar

Tom-Christer Nilsen

Iiril Schau Johansen

Aud Karin Oen

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/14	Referatsaker (Meldingar)		

RS 1/14	Oppfølging av selskapskontroll - notat om "Praktisering av habilitet - rutiner for fylkespolitikere	2014/10543
RS 2/14	Svar på oversendingsforslag om omfang og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov	2014/12476
RS 3/14	Status forvaltningsrevisjon digital skule	2014/386
PS 3/14	Interpellasjonar/spørsmål	
PS 4/14	Finansforvaltninga i 2013	2014/927
PS 5/14	Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp	2014/65
PS 6/14	Handlingsprogram 2014, Regional plan for museum 2011-2015	2014/276
PS 7/14	Pensjonsordning for folkevalde - grense for innmelding	2014/655
PS 8/14	Budsjettendring 2014 - fylkesveginvesteringar	2014/989
PS 9/14	Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017	2014/5
PS 10/14	Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken	2014/10706
PS 11/14	Kollektivmeldinga 2013	2014/10805
PS 12/14	Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding	2014/10543
PS 13/14	Årsmelding for klagenemnda - 2013	2014/1388
PS 14/14	Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan	2014/681
PS 15/14	Forvaltningsrevisjon av økonomistyring i Hordaland fylkeskommune - Revisjonsrapport	2014/860
PS 16/14	Fritak frå fylkeskommunale verv - suppleringsval	2014/1095
PS 17/14	Ymse	

PS 1/14 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Vedtak

Innkallinga vart godkjend.
Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 2/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Vedtak

Referatsaker 1-3/14 vart tekne til orientering.

RS 1/14 Oppfølging av selskapskontroll - notat om "Praktisering av habilitet - rutiner for fylkespolitikere
RS 2/14 Svar på oversendingsforslag om omfang og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov
RS 3/14 Status forvaltningsrevisjon digital skule
RS 4/14 Eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord

PS 3/14 Interpellasjonar/spørsmål

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

INTERPELLASJONAR

Pål Kårbø hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

"Ferjeflåten i Hordaland må fornyast!

I Hordaland er det mange ferjestrekningar, og fylkeskommunen, gjennom Skyss, er ansvarleg for drifta av dei aller fleste.

Ferjeamboda skal fornyast innan få år, det må då vera eit mål med ei kraftig oppgradering av materiellet – slik at det også vert fullt ut universelt tilgjengeleg.

Dagens ferjer er gamle med hyppige driftsavbrot, og dei er heller ikkje særleg miljøvenlege.

Leirvåg-Sløvåg, Hufthamar-Krokeide og Jondal-Tørvikbygd er døme på ferjestrekningar med hyppige avbrot og lite forutsigbarheit. Dette får store negative verknader for næringslivet, og resten av dei reisande i dei ulike lokalsamfunna. Andre ferjestrekningar kunne også vore nytta som døme.

Hordaland KrF vil at fylkeskommunen alt no legg ein strategi for korleis ein kan få eit meir oppdatert ferjemateriell ved starten av neste anbodsperiode.

Frå KrF si side vil vi peike på 2 ulike modellar som bør vurderast i det vidare arbeidet:

1. Det vert gjort eit initiativ frå politisk leiing i HFK, til å invitere dei største ferjefylka og Samferdselsdepartementet inn i eit felles ferjefornyingsprogram, der staten vert ein viktig økonomisk medspelar.
2. Det vert etablert eit fylkeskommunalt infrastrukturselskap (etter modell av Nordland fylkeskommune), som investerer i ein ny ferjeflåte som vert finansiert gjennom utleige til driftsoperatørane ved dei ulike strekningane. Dette selskapet treng også statleg medfinansiering.

Fordelen med eit slikt selskap er at det vil kunne gje fornyinga og finansieringa av ferjeflåten, ein meir langsiktig horisont enn berre 1 anbodsperiode, og dermed redusere risikoen for den enkelte driftsoperatøren til å måtta dekke inn heile investeringa på kort tid.

Fylkesordføraren svarte slik:

Om modell 1

Sett frå fylkeskommunane si side ville det vore tenleg å fått Staten involvert i høve til kostnadane med fornying av ferjeflåten. Kor vidt dette er realistisk står att å sjå, men fylkesordføraren vil røkja etter om dette er noko å gå vidare med. Det har allereie vore møte om temaet mellom fylkeskommunane på vestlandet via Vestlandsrådet og Samferdselsdepartementet.

Om modell 2

Dette er same modellen som vert nytta ved anskaffing av bybanevoggar. Fylkesordføraren finn at ein slik modell i dette høvet inneber ikkje at risiko forsvinn, men at fylkeskommunen tek på seg større risiko, både i høve til teknologi og økonomi, ikkje minst i høve til risikoen for utrangert materiell. Fylkeskommunen har i dag ikkje tilstrekkeleg kompetanse på rederidrift til å kunne gjere dette utan å bruke tid på å byggje opp ein heilt ny og stor organisasjon. Eg vil ikkje gå inn for dette før ein har erfaringar mellom anna frå Nordland og eventuelt andre å byggje på, og vil avvente dialogen med Samferdselsdepartementet før ein eventuelt ser nærare på dette.

Når det gjeld forslaget om å opprette eit politisk underutval under samferdselsutvalet (SAMU), er det ei sak som SAMU sjølv må ta stilling til, men sett i høve til svaret over, ser eg ikkje trong for det i høve til organiseringa av innkjøpet. Det kan vere naturleg å gjere det, dersom SAMU ynskjer det i samband med handsaminga av saka Skyss er i gang med å utarbeida for ein strategi for neste anbodsrunder i ferjedrifta. Denne strategien vil bli lagt fram for politisk handsaming i løpet av året."

Pål Kårbø sette på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag:

Det vert oppretta ei politisk arbeidsgruppe under samferdselsutvalet, som skal arbeide fram ein modell for fornying av ferjeflåten på dei ulike ferjestrekningane i Hordaland."

I samband med interpellasjonen frå Pål Kårbø sette **Terje Søviknes** på vegner av Frp, H, V, KrF, A, SV, Sp og MDG fram slikt forslag a):

"Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak der ein vurderer ulike strategiar for å optimalisera ferjeamboda med omsyn til kostnad og kvalitet."

Terje Søviknes sette på vegner av Frp, H, V, KrF, A, SV, Sp og MDG fram slikt oversendingsforslag b):

"Ein av fleire alternative innkjøpsstrategiar kan vera å dela ferjeamboda i to; ein del for den operative drifta av ferjesambanda og ein del for innleige av ferjemateriellet (lenger anbodsperiode)."

Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til samferdselsutvalet.

Søviknes sitt forslag b) vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Søviknes sitt forslag a) skulle realitetsbehandlast og vedtok deretter samrøystes forslaget.

Vedtak

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak der ein vurderer ulike strategiar for å optimalisera ferjeamboda med omsyn til kostnad og kvalitet.

Aud Karin Oen hadde sendt slik interpellasjon til fylkesordføraren:

"KS, Hordaland fylkeskommune og arbeidstidsavtalen for lærarar

KS har mildt sagt tukla til stemninga med lærarorganisasjonane, når det gjeld arbeidstidsavtale, og truleg også når det gjeld hovudtariffoppgjeret. Sidan forhandlingane er brotne, går arbeidstida no inn som del av tariffoppgjeret. KS vil som kjent at ein større del av lærar-arbeidsåret skal bindast til skulen, slik at lærarane får eit arbeidsår som strekkjer seg over inntil 45 veker og at meir av kontrollen over lærarane si arbeidstid skal styrast av rektorane. Dette betyr at lærarane, etter KS sin vilje, potensielt skal vera sju veker på skulen utan elevar. I dag er arbeidsåret for lærarane slik at dei har 39 veker + ein dag bundne til skulen – elevane er på skulen i 38 av vekene.

Kravet frå KS grip dramatisk inn i den tillit og tradisjon som har lege til læraryrket i mange generasjonar. Så vidt spørjaren skjønner, står KS seg korkje på forskning eller grundige utgreiingar når dei meiner krava deira vil føra til ein betre skule. Danmark sin prosess synest i så måte (lockout) å vera eit dårleg føredøme, og den svenske skulen, som har gått langt i "kommunalisering", er vel heller ikkje å sjå på som noko fyrårn. Finland, som derimot ofte vert trekt fram frå mange hald som eit førebilete på mange område i skulen, går motsett veg av krava frå KS. I Finland styrer lærarane sjølve ein større del av årsverket sitt enn norske lærarar gjer i dag.

Generelt frå arbeidsgjevarsida vert det ofte argumentert for større fleksibilitet når det gjeld arbeidstid. I offentleg sektor gjeld det ikkje minst alternative turnusar. Men når det gjeld lærarane, er altså politikken heilt motsett. Kravet frå KS vert oppfatta som rein mistillit og ein provokasjon frå lærarane si side.

Lærarane har i dag eit komprimert arbeidsår med påfylgjande avspasering når elevane ikkje er på skulen. Dette er både logisk og fagleg grunngjeve. Lærarane må sjølv sagt førebu undervisninga si kontinuerleg gjennom heile skuleåret. Dei må gjera vurderingar av elevarbeid, dei må samarbeida med foreldre, andre lærarar, andre fagpersonar og leiing – reint logisk når elevane er til stades på skulen. Innstrammingskrava frå KS kan vanskeleg oppfattast som noko anna enn eit disiplinierungs- og einsrettingskrav som ikkje er tufta på

logikk eller kunnskap. Så har også KS hausta storm, etter spørjaren si meining med rette. I verste fall har KS effektivt torpedert alt som er gjort for å gjera skulen til ein attraktiv arbeidsplass.

- 1) Har fylkestinget gjeve sin tilslutnad til den arbeidstidsavtalen KS vil ha for lærarane, og kva er i så fall grunngevinga og forankringa for ein slik tilslutnad? Dersom ikkje Hordaland fylkeskommune har gjeve sin tilslutnad til KS si line, kva meiner dei då og kva har i så fall fylkeskommunen gjort for å påverka KS i anna lei?
- 2) Er KS sine krav knytt til arbeidstid overfor lærarar vesentleg, for å kunna utvikla den vidaregåande skulen i Hordaland?
- 3) Korleis vert ein eventuell streik førebudd?

Fylkesordføraren svarte slik:

"Spørsmål 1

Fylkeskommunen har ikkje vore delaktig i eller hatt påverknad på forhandlingane kring ny arbeidstidsavtale for undervisningspersonalet mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane.

Ny arbeidstidsordning for undervisningspersonalet har tre hovudutfordringar: arbeidstid, leseplikt og tilstedeværelse (arbeidsplanfesta tid/ubunden tid). På KS sin strategikonferanse på Solstrand i januar, der politikarar i fylkeskommunen også var til stades, var arbeidstidsavtalen tema. KS hadde open invitasjon til tilhøyrarane om å koma med innspel til arbeidstidsordninga, men det vart ikkje sagt fram noko motargument.

Spørsmål 2

Når det gjeld fordelinga mellom arbeidsplanfesta og ikkje arbeidsplanfesta tid, utgjer det som er arbeidsplanfesta (leseplikt og planlegging) i snitt om lag 3/5 av årsverket (kjelde KS – Ny arbeidstidsordning for undervisninga.) I arbeidslivet generelt disponerer arbeidsgjevar heile årsverket.

Ei undersøking i 2009 på oppdrag frå OECD (NIFU-STEP rapport 23/2009) gjort blant eit stort tal ungdomsskolelærarar viser at det er stor variasjon i bruk av arbeidstid. Det rapporten mellom anna peikar på er at læraren nyttar gjennomsnittleg 37 klokkeimar i ei typisk skoleveke, dette er omlag 6 timar mindre enn arbeidstidsavtalen føreset. 22,6 % av dei same lærarane seier at dei utførar arbeidet på mindre enn 31 timar per veke, dette er 12-13 timar mindre per veke enn arbeidstidsavtalen føreset. Samstundes peikar 22 % av lærarane på at dei nyttar meir enn 44 timar pr. veke (som er noko i overkant av kva avtalen legg opp til).

Med bakgrunn i slike tal er det god grunn til å sjå nærare på ordninga, både med omsyn til å få til ei betre arbeidsdeling blant lærarane og særleg med tanke på bruk av fellestid til utviklingsarbeid, etter- og vidareutdanning, tid til refleksjon, erfaringsdeling med meir.

Spørsmål 3

På rektormøtet 12. mars vil personaldirektøren orientere om "Streikeberedskap - rutinar og roller". Her vil ein ta med erfaringar frå tidlegare streikeberedskap og skuleleiarane vil kunna få svar på spørsmål knytt opp mot avvikling av eksamen med meir. I tilfelle streik vil fylkeskommunen (personalseksjonen og opplæringsavdelinga) ha høg beredskap."

SPØRSMÅL

Torill Selsvold Nyborg hadde sendt inn slikt spørsmål:

"Sotrasambandet har planlagt oppstart i 2017, noko som er sagt av ulike samferdselsministrar. Derfor er det viktig for prosjektet at alt vert lagt til rette frå vår side, slik at alle hindringar for oppstart i 2017 vert eliminert og at framdriftsplanen kan haldast.

Det er nødvendig å få på plass eit bompengeselskap som kan vera pådrivar for prosjektet, og spørsmålet til fylkesordføraren er kor tid han vil få på plass dette?"

Fylkesordføraren svarte slik:

Plansituasjonen

Statens vegvesen arbeider no med reguleringsplan for Rv555 Sotrasambandet på strekninga Storavatnet-Kolltveitskiftet. Det er lagt opp til at forslag til reguleringsplan vert oversendt kommunane Bergen og Fjell for vidare handsaming i løpet av sommaren 2014. Med høyring, offentlig ettersyn og sakshandsaming vil det kunne føreliggje endeleg godkjent reguleringsplan sommaren 2015.

Samstundes har Bergen kommune sendt forslag til kommunedelplan for Rv555 Storavatnet-Liavatnet ut på høyring. Dette planarbeidet vil også kunne vere relevant for å avklare aktuelle tiltak som ein del av Sotrasambandet.

Finansiering

I Meld. St. 26 (2012-2013) Nasjonal transportplan 2014-2023 er Sotrasambandet omtalt med ei kostnadsramme på 7 mrd.kr, der det er lagt opp til statleg finansiering på 2 mrd. kr og anna finansiering på 5 mrd. kr.

Pådrivarselskapet for Sotrasambandet har så langt vore Sambandet Sotra/Øygarden-Bergen A/S. I brev frå dette selskapet til fylkeskommunen, 14. mai 2013, vert det vist til eigarmøte i selskapet, 6. mai 2013, der Hordaland fylkeskommune vert beden om å ta initiativ til å etablere eit bompengeselskap for Sotrasambandet, som ledd i å følgje opp/avklare nærare eit opplegg for bompengefinansiering av prosjektet.

Fylkesrådmannen har i samarbeid med kommunane på Sotra og Bergen kommune i første omgang sett i gang arbeid med å utgreie eit forslag til opplegg for bompengefinansiering av Sotrasambandet. Dette opplegget vil avklare omfanget av prosjektet, plassering av bomstasjonar, takstnivå og bompengeinntekter. Med grunnlag i dette arbeidet har fylkesordføraren i brev datert 17. januar 2014 invitert kommunane på Sotra og Bergen kommune til eit politisk kontaktutval for å drøfte føresetnader og premisser i utgreiingsarbeidet til fylkesrådmannen. Tanken bak dette er å utvikle eit omforeint forslag til bompengefinansiering som kan leggjast fram for handsaming i politiske organ i kommunane/fylkeskommunen gjennom ein bompengesøknad.

Framdrift

Endeleg bompengesøknad for Sotrasambandet er avhengig av ferdig godkjent reguleringsplan for hovudprosjektet. Overordna framdrift fram mot byggjastart for Sotrasambandet ser dermed slik ut:

- Ferdig planforslag reguleringsplan Rv555 Storavatnet-Kolltveit, sommaren 2014.
- Ferdig godkjent reguleringsplan Rv555 Storavatnet-Liavatnet, sommaren 2015.
- Lokal/regional handsaming bompengesøknad, sommaren 2015.
- Kvalitetssikring og godkjenning av bompengesøknad i Stortinget, sommaren 2016.
- Prosjektering, entreprise og byggjastart, hausten 2017.

Bompengeselskap

Som svar på spørsmålet frå representanten Torill Selsvold Nyborg ser ikkje fylkesordføraren det som nødvendig å opprette eit bompengeselskap som pådrivar for prosjektet no.

Planavklaring av Sotrasambandet pågår for fullt og den statlege prioriteringa og medfinansieringa av prosjektet er avklart i Nasjonal transportplan 2014-2023. I tillegg pågår det også eit arbeid i regi av fylkeskommunen for å avklare opplegget for bompengefinansiering og bompengesøknad for prosjektet.

Avklaring av etablering av eit bompengeselskap må skje seinast før utarbeiding av st.prp om bompengesøknaden. Etablering av eit slikt selskap må også sjåast i samanheng med avklaring av den framtidige selskapstrukturen for bompengeselskap."

FO 1/14 Ferjeflåten i Hordaland - Interpellasjon til fylkestinget 11.mars 2014

FO 2/14 Interpellasjon til fylkestinget

FO 3/14 Spørsmål til Fylkesordfører i Fylkestinget 11. Mars

PS 4/14 Finansforvaltninga i 2013

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i 2013 til orientering.

PS 5/14 Godkjenning av prosjektrekneskap - Hjeltnes vgs - utbetring av vatn og avløp

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapet i denne saka.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapen i denne saka.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskapen i denne saka.

PS 6/14 Handlingsprogram 2014, Regional plan for museum 2011-2015

Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i Kultur- og ressursutvalet.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 21.01.2014

Gunnar Bakke (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.3:

«3. Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1-2 vart samrøystes vedteke

Bakke sitt forslag vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i Kultur- og ressursutvalet
3. Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Tre representantar stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er med i styret for museum: **Sveinung Valle** (leiar i styret for Museumssenteret Hordaland), **Mona Røsvik Strømme** (styremedlem i KODE) og **Astrid F. Selsvold** (styremedlem i Hardanger og Voss museum). Representantane gjekk frå medan spørsmålet om dei var ugilde vart drøfta.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Valle, Strømme og Selsvold ikkje var ugilde. jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i kultur- og ressursutvalet.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Torunn Hovland Ljone sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag:

"Fylkestinget ber rådmannen om snarast å leggja fram sak om Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum. Målet må vera at museum, som har lagt vekt på fag, og ikkje geografi/region, også må koma inn under Regional plan for museum, og såleis kunne søkja på museumsplanmidlar."

Terje Søviknes sette fram slikt forslag:

"Tillegg:

3. Fylkestinget ber om at Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering* fortsatt blir prioritert som tiltak i Handlingsplanen."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Ljone sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

- | | |
|----|--|
| 1. | Fylkestinget vedtek handlingsprogrammet for 2014, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka. |
|----|--|

2.	Fordeling av museumsplanmidlar for 2014, 2,1 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det ein skilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjon. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak for vedtak i kultur- og ressursutvalet.
3.	Fylkestinget ber om at Tiltak 3 <i>Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering</i> framleis vert prioritert som tiltak i Handlingsplanen.

PS 7/14 Pensjonsordning for folkevalde - grense for innmelding

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5% av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5 % av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3,5 % av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune.
2. Fylkestinget godkjenner at AFP-ordninga 62-64 vert gjeldande for pensjonsordninga for folkevalde.

PS 8/14 Budsjettendring 2014 - fylkesveginvesteringar

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	

10.300 420 00 04500 07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00 08900 07602	Tilskot (rundkøyning Askøy)		25 000 000
10.790 110 00 07290 09977	Momskomp		11 000 000
		154 500 000	154 500 000

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Det vart stilt spørsmål om habiliteten til fylgjande representantar:

Atle Kvåle, Alf Helge Greaker og Inger Ulvund, som alle er styremedlemer i Askøy Bompengeselskap AS

Utvalet fann at representantane var ugilde.

Tom Skauge sette fram fylgjande forslag.

Samferdselsutvalet viser til svar i sak RS3 om lysregulering på Nautnes bru og til Regional transportplan Hordaland 2013–2024 med vedtak s. 75: «Nautnes bru i Øygarden vert lysregulert».

Samferdselsutvalet ber om at tiltaket vert lagt inn som budsjettendring i saka.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.

- 2 Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00 02301 07602			Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00 06201 07602			Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00 08100 07602			Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00 08500 07602			Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00 04500 07602			Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00 08900 07602			Tilskot (rundkøyning Askøy)		25 000 000
10.790 110 00 07290 09977			Momskomp		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Inger Ulvund stilte spørsmål ho var ugild fordi ho er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS, sjølv om selskapet enno ikkje har avtale. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Inger Ulvund var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Ulvund gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV, A, V, Sp, KrF, H, Frp og V fram slikt forslag:

"Tillegg:

Fylkesutvalet ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyring Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp.		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

4. Fylkestinget ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Inger Ulvund, Atle Kvåle og Alf Helge Greaker gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Askøy Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er varamedlem i styret for Askøy Bompengeselskap AS. Ho har ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Strømme gjekk frå under røystinga.

Det var 54 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
------	-----	----------	-------	--------------------------	--------------------------

10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyning Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp.		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

4. Fylkestinget ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar.

PS 9/14 Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Tom Skauge sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

Pkt 2. Tillegg under pkt 6.5.3

På særskildt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege værtilhøve.

Pkt 3. Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Pkt 4 Kap 6.5.4 Mjuke trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgongar m.v. må inn.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag om tillegg til innstillinga fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Silje Hjemdal sette på vegner av Frp, H og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalget ber om en oppdatert liste på tiltak som er gjennomført på fylkesveiene av Statens vegvesen til fylkestinget i mars 2014. Dette grunnet at det har blitt oppdaget avvik fra informasjonen som er gitt og hvilke tiltak som faktisk er gjennomført."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Punkt 2. Tillegg under punkt 6.5.3:

På særskilt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege vertilhøve.

Punkt 3:

Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Punkt 4 kap. 6.5.4:

Mjuke trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgongar m.v. må inn."

Røysting

Hjemdal sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.
Oen sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Vedtak

Fylkesutvalget ber om en oppdatert liste på tiltak som er gjennomført på fylkesveiene av Statens vegvesen til fylkestinget i mars 2014. Dette grunnet at det har blitt oppdaget avvik frå informasjonen som er gitt og hvilke tiltak som faktisk er gjennomført.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Fylkestinget ber om at ein i samarbeid med dei rette instansar ser på desse tiltaka:

Punkt 2. Tillegg under punkt 6.5.3:

På særskilt ulukkesutsette vegar blir det sett opp elektroniske skilt der politi/vegstellet set ned fartsgrensa ved farlege vertilhøve.

Punkt 3:

Ingen trafikklys skal gje grønt lys samstundes for bilar og fotgjengarar.

Punkt 4 kap. 6.5.4:

Mjuka trafikantar har ein dramatisk mangel på forpliktande fysiske tiltak. Forslag om lågare fart, betre lys, fleire lyskryss, planfrie overgangar m.v. må inn."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.
Oen sitt forslag fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtek Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

PS 10/14 Fullmakt til Statens vegvesen til å overdra bruksrettar til vertikalnivå over bakken

Forslag til innstilling

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmanen har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmanen har fullmakt til å representera fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmanen har fullmakt til å inngå avtalar om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmanen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Utvalet hadde spørsmål til saka som administrasjonen ikkje kunne svara på i møte. Utvalet tok difor saka til orientering i det dei la til grunn at spørsmåla vert avklara før møte i fylkesutvalet.

Innstilling

Samferdselsutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representera fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune pkt. D delegasjon på vegsektoren pkt. 1.4 Kjøp og sal av eigedom skal lyda:

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesvegar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representera fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

PS 11/14 Kollektivmeldinga 2013

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek *Kollektivmeldinga 2013* til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP fram forslag til endra innstilling.

Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osv), og ber om at dette blir omtala både til denne og i neste kollektivmelding.

Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Tom Skauge sette fram forslag til ny innstilling, protokolltilføring og oversendingsforslag.

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering *med desse tillegg*:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med Samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen Region Vest sitt framlegg om at «sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafiksikkerhetsarbeid».
4. I tråd med Urbanett sin «Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet» tabell 1.4 ber Fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig.

Protokolltilføring (Delegasjonsreglement s. 17):

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for elbilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi

Oversendingsforslag til Samferdselssjef:

- SV ber om at det blir laga eit samla oversyn over kollektivfelt og sambruksfelt i Bergensområdet med tal meter for kvart felt.
- SV ber om eit oversyn over gjennomsnittsfart og forseinking for busstrafikken på grunn av bilkø.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Alf Helge Greaker sitt forslag til nye pkt vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 1-3 fekk 3 røyster (SV, SP, KRF) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 4 fekk 1 røyst og fall.

Innstilling

1. Fylkestinget tek *Kollektivmeldinga 2013* til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osv), og ber om at dette blir omtala både til denne og i neste kollektivmelding.
3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Protokolltilføring frå Tom Skauge

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for elbilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi

Oversendingsforslag frå Tom Skauge til Samferdselssjef:

- SV ber om at det blir laga eit samla oversyn over kollektivfelt og sambruksfelt i Bergensområdet med tal meter for kvart felt.
- SV ber om eit oversyn over gjennomsnittsfart og forseinking for busstrafikken på grunn av bilkø.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering med desse tillegg:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen

Region Vest sitt framlegg om at sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafikksikkerheitsarbeid.

4. I tråd med Urbanett si "Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet" tabell 1.4 ber fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig."

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag punkt 1-3 fekk 3 røyster (SV, KrF, Sp) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyning, bestillingsruter osb.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.
3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Protokollmerknad frå SV

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering med desse tillegg:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen Region Vest sitt framlegg om at sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafikksikkerheitsarbeid.
4. I tråd med Urbanett si "Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet" tabell 1.4 ber fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig."

Aud Karin Oen sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 12 røyster (SV, MDG, KrF, Sp) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyning, bestillingsruter osb.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.

3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

Protokollmerknad frå SV

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi.

PS 12/14 Eigarskapsmelding 2014 - forenkla melding

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag:

"Fylkestinget ber om å få ei sak attende til fylkestinget for på brei basis drøfta Hordaland fylkeskommune sitt engasjement, formålsparagraf, resultat og mål i høve til BRB."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Vedtak

Fylkestinget tek meldinga om eigarskapsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune til orientering.

PS 13/14 Årsmelding for klagenemnda - 2013

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Saksprotokoll i Klagenemnda - 04.02.2014

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Innstilling

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Fylkestinget tek årsmelding for klagenemnda 2013 til orientering.

PS 14/14 Fleire gode leveår for alle - Regional plan for folkehelse - Vedtak av plan

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 11.02.2014

Anita G. Johannessen (Frp) sette fram slikt forslag til nytt pkt.2 på vegne av H, V og Frp:

2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag pk.t 1 vart samrøystes vedteke.

Johannessen sitt forslag til nytt pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

INNSTILLING

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 11.02.2014

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.02.2014

Tom Skauge sette fram fylgjande tilleggsforslag.

2. Ny 2E: Leggje til rette for trygge skuleveggar.
3. Ny 4D: Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.
4. Ny 5E: HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til nye pkt fekk slik tilslutnad:

Pkt 2 fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KRF) og fall

Pkt 3 fekk 5 røyster (A, SV) og fall

Pkt 4 fekk 6 røyster (A, SV, SP) og fall

Innstilling

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg

3. Leggje til rette for trygge skulevegar.
4. Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.
5. HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor."

Mona Hellesnes sette på vegner av V og KrF fram slikt forslag:

"Tillegg:

For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå opplærings- og helseutvalet til grunn for røystinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, A, Sp) og fall.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.
2. For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Saksordførar for planen, Rasmus Laupsa Rasmussen, orienterte.

Elisabeth N. Sævik sette på vegner av KrF fram slikt oversendingsforslag:

"KrF ber om at det i tiltaka i revideringa/rulleringa av handlingsplanen vert lagt til grunn heim og familie si viktige rolle, særskilt i samband med punkt 3 E og 3 F om førebyggjande arbeid og overgangen mellom ulike nivå i utdanningsløpet."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"Tillegg

3. Leggje til rette for trygge skulevegar.
4. Leggje til rette for fleire tilrettelagte arbeidsplassar.
5. HFK har som prinsipp at vidaregåande skular skal stille lokale gratis til bruk for frivillig sektor."

Røysting

Sævik sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag fekk 23 røyster (SV, A, MDG, Sp) og fall.

Vedtak

Fylkestinget vedtar Regional plan for folkehelse 2014-25 med handlingsprogram 2014-2017.

For å få fokus på om ei sak har verknad på folkehelsa bør Hordaland fylkeskommune ha med vurdering av folkehelse i sine politiske saksframlegg.

PS 15/14 Forvaltningsrevisjon av økonomistyring i Hordaland fylkeskommune - Revisjonsrapport

FORSLAG TIL INNSTILLING:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet
3. Utarbeida nærare/konkrete retningslinjer for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
 - a. konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.
 - b. Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skriftleggjera/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompentansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen."
7. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i kvalitetssystemet.
3. Utarbeida nærare/konkrete retningslinjer for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet.
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
 - a. konkretisera korleis samanhengar mellom "produksjonen"/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast
 - b. krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skriftleggjera/dokumentera dei prinsippa som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompentansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen.
7. Laga ein handlingsplan innan 01.06.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 16/14 Fritak frå fylkeskommunale verv - suppleringsval

Forslag til innstilling

1. Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti vert fritaken frå verva som varamedlem i fylkestinget,

varamedlem i samferdselsutvalet og varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011 – 2015.

2. For resten av valperioden 2011 – 2015 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Varamedlem i samferdselsutvalet:
 - b. Varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

Saksprotokoll i valnemnda - 11.03.2014

Mona H. Hellesnes gjorde framlegg om Viktoria Amalie Dahl som ny varamedlem i samferdselsutvalet og i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hellesnes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti vert fritaken frå verva som varamedlem i fylkestinget, varamedlem i samferdselsutvalet og varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 - 2015 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Varamedlem i samferdselsutvalet: Viktoria Amalie Dahl
 - b. Varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Viktoria Amalie Dahl

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Torunn Olsnes, Sosialistisk Venstreparti vert fritaken frå verva som varamedlem i fylkestinget, varamedlem i samferdselsutvalet og varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 gjer fylkestinget slike val:
 - a. Varamedlem i samferdselsutvalet: Viktoria Amalie Dahl
 - b. Varamedlem i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Viktoria Amalie Dahl

PS 17/14 Fritak frå verv i selskap - suppleringsval

Forslag til innstilling

1. Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet vert fritaken frå vervet som varamedlem i styret for Moster Amfi AS for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 vert vald som varamedlem i styret for Moster Amfi AS.

Saksprotokoll i valnemnda - 11.03.2014

Terje Søviknes gjorde framlegg om Stig L. Myklevold som ny varamedlem.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet vert fritaken frå vervet som varamedlem i styret for Moster Amfi AS for resten av valperioden 2011 – 2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 vert Stig L. Myklevold vald som varamedlem i styret for Moster Amfi AS.

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Det var 56 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Odd Vegard Paulsen, Fremskrittspartiet vert fritaken frå vervet som varamedlem i styret for Moster Amfi AS for resten av valperioden 2011-2015.
2. For resten av valperioden 2011 – 2015 vert Stig L. Myklevold vald som varamedlem i styret for Moster Amfi AS.

PS 18/14 Ymse

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

OPNING AV FYLKESTINGET

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Iril Schau Johansen og Aud Karin Oen valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart opnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt minneord om Eilert Eilertsen.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

Etter talane var det ordskifte. Seks representantar hadde ordet.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

I samband med ordskiftet etter talane sette **Torill Selsvold Nyborg** på vegner av KrF og Sp fram slikt oversendingsforslag a):

"I samband med revidering av fylkesbudsjettet for 2014 må kultur- og ressursutvalet vurdere om det kan brukast noko meir midlar til prioriterte satsingar etter kulturplanen som kjem."

Torill Selsvold Nyborg sette på vegner av KrF og Sp fram slikt oversendingsforslag b):

"Fylkestinget ber med dette fylkesordførar søka på prosjektpengar til etablering av mobbeombod i Hordaland."

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag:

"Ber om sak om tiltak for å forhindre rusmidler i den videregående skolen."

Røysting

Nyborg sine forslag a) og b) vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen. Strømme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen.

Marte Malones sette fram slikt forslag til fråsegn:

"Fylkestinget i Hordaland er bekymret for at regjeringen ønsker å åpne for at kommuner kan inngå avtale om reservasjon med fastleger som av samvittighetsgrunner ikke ønsker å henvise kvinner til abort. Abortloven av 1975 gir en reservasjonsrett for sykehuspersonell fra å utføre eller delta i abortinngrep. Men å innføre en adgang for fastleger til å reservere seg mot å henvise til abort vil vanskeliggjøre kvinners muligheter sammenlignet med dagens situasjon. Det vil skape en tilleggsprosedyre og en mulig komplikasjon for kvinnen i realiseringen av en rett hun har etter norsk lov.

I hvor stor grad kvinners adgang til abort vanskeliggjøres vil avhenge av innretningen på en eventuell reservasjonsadgang. Selv med omfattende avbøtende tiltak i kommunene, vil en slik adgang gjøre det mer krevende for mange kvinner. Fastlegen har en viktig funksjon i vårt helsevesen. Det er nødvendig at fastlegetjenesten – som er pasientenes dør inn til helsetjenestene – møter pasientene med en enhetlig stemme. Det helsetilbudet fastlegen gir deg skal være det tilbudet du har rett til å motta, ikke det fastlegen finner for godt å sympatisere med.

Fylkestinget ønsker ikke at kvinner eller jenter skal havne i en situasjon der de må ta en diskusjon med sin lege, når storsamfunnet har tatt et valg og Stortinget har vedtatt i lov retten til abort. Det vil være spesielt krevende for unge jenter å bli avvist (eller eventuelt bedt om å oppsøke en annen lege) av sin fastlege. Det er også viktig i et folkehelseperspektiv at kvinner ikke opplever det som krenkende å oppsøke fastleger for hjelp.

Fylkestinget mener at de foreslåtte lovendringene vil kunne medføre et dårligere og mer byråkratisk offentlig helsetilbud. Det kan ikke forventes at kvinner, og spesielt unge jenter, skal holde seg oppdatert på hvilke reservasjoner den aktuelle fastlegen til enhver tid har, eller bytte lege pga. mulige fremtidige behov. Mange vil oppleve det som belastende å bytte til en "mer liberal" fastlege. Forslaget til regjeringen løser ikke dette.

Fylkestinget mener også at kommunene må kunne gi et tilnærmet likt tilbud til sine pasienter, men er bekymret for at denne lovendringen vil kunne resultere i store forskjeller i tilbudet f.eks. mellom tett- og spredtbygde strøk.

Fylkestinget i Hordaland mener at hensynet til kvinner i en sårbar situasjon veier tyngst og ber derfor om at regjeringens forslag ikke blir vedtatt. Dersom forslaget blir vedtatt, tilråder fylkestinget at kommunene ikke tillater fastlegekontrakter som åpner for at fastleger kan reservere seg mot å henvise til abort.

Dagens ordning med en førstelinjetjeneste som skal henvise til sykehus eller gynekologisk poliklinikk kan bli en utfordring i framtiden hvis reservasjonsretten for fastleger blir vedtatt og innføres i kommunene. Det er lovfestet at kvinner som ønsker abort kan ta direkte kontakt med sykehus eller institusjon som er godkjent for å utføre svangerskapsavbrudd, men mange kvinner vet ikke om denne muligheten.

De fleste sykehus har direkte mottak allerede i dag, noe som burde bli vanlig praksis over hele landet i overskuelig framtid. Det er derfor viktig at informasjon om denne muligheten blir styrket, spesielt dersom reservasjonsretten likevel skulle bli innført. I tillegg bør man i så fall vurdere å overføre også fastlegens ansvar knyttet til rådgivning med mer til sykehuset, slik at vi sikrer alle kvinner lik rett til helsetjenester i hele landet."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

Det var 56 representantar til stades.

26 av representantane (H, 4 Frp, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning, som seier at det kan gjerast vedtak i sak som ikkje står på saklista dersom ikkje møteleiari eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag til fråsegn:

"Hent Taiman heim!

Fylkestinget Hordaland krev at hordalendingen Taiman vert henta heim til Bergen og heimfylket sitt. Me meiner uttransporteringa av Taiman var meiningslaus og strid mot all rettskjensle og humanitet. Hordaland fylkesting krev at regjering og Storting avklårar om deportasjonen av Taiman Agid Fatah er i tråd med norsk asylpolitikk og familiepolitikk.

Mor til Taiman søkte asyl i Noreg 25. juli 2001, saman med Taiman på 14 år og seks born til. Dette skulle visa seg å vera 24 dagar for seint til å bli vurdert etter eingongsvedtaket i Stortinget våren 2004 som i realiteten gav amnesti til asylsøkjarfamiliar som hadde vore i Noreg minimum tre år pr. 1. juli 2004. I 2005, då mora og dei yngre syskena fekk opphald ved familiegjennforeining, hadde Taiman fylt 18 år. Utlendingeforvaltninga skilde då Taiman si sak frå resten av familien og behandla han som einsleg vaksen. Seinare har utlendingeforvaltninga nekta å inkludera Taiman som ein del av familien, sjølv om han definitivt var mindreårig då han kom til Noreg saman med mor si.

Sidan han var 14 år har Taiman levd i ein limbo-tilstand, med livet på vent, utan rett til vidaregåande skulegang og arbeid. Det er i Noreg han har hatt tenåringstida og ungdommen fram til no, det er Noreg som er hans heimland.

Til tross for seinare avslag på sin søknad om opphald, må det likevel kunne seiast at Taiman har særskilt tilknytning til Noreg og Bergen. Taiman si sak har skapt et enormt engasjement i heile landet, men kanskje spesielt i Bergen. Taiman blir ansett som bergenser og hordalending, og har liten – om nokon – tilknytning til Irak i dag. Taiman vart uttransportert utan at advokaten fekk reell sjanse til å påklaga avgjerda og be om utsett iverksetting.

Utlendingslova opnar opp for at menneske kan få adgang til opphald på bagrunn av sterke menneskelege omsyn eller særleg tilknytning til riket. Vi meiner det i samsvar med lovverket som gjeld i dag er rom for å innvilge Taiman opphald i Noreg. På grunn av menneskelege omsyn og Taiman si særlege tilknytning til landet, gjennom familietilknytning, oppvekst og lang butid, ber vi om at tvangsutsendinga til Irak vert stoppa, og at søknaden hans om opphald vert vurdert på nytt."

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet.

Det var 56 representantar til stades.

25 av representantane (H, Frp) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Saka vart dermed ikkje realitetsbehandla. Jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning, som seier at det kan gjerast vedtak i sak som ikkje står på saklista dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene motset seg dette.

MILJØPRISEN 2013

Norges Naturvernforbund Hordaland v/dagleg leiar Nils Tore Skogland og politisk leiar Signe Sandberg i mottok miljøprisen for 2013. Organisasjonen fyller 100 år i år, og får prisen for langvarig innsats for natur- og miljøvern i Hordaland. Prisen vart delt ut av leiar i kultur- og ressursutvalet, Anne Beth Njærheim.

YMSE

I samband med behandlinga av sak 11/14 "Kollektivmeldinga 2013" etterspurde **Sigbjørn Framnes** snarleg melding til fylkestinget med svar på følgjande:

"Sammenlignbare kostnader knyttet opp til alle anbudsområdene inkludert Bybanen som inneholder driftskostnader, kapitalkostnader og anleggskostnader (bussgarasjer etc.) fordelt på reisende passasjerer. Da kommer man frem til rett subsidieringskost på reisende i hver anbudspakke."